

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Sigbjørn Framnes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Tillegg til siste setning i punkt 3:

I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen, herunder *infrastrukturanlegg i anbodsområda.*"

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H og Frp fram slik protokollmerknad:

"Frp og H vurderer bruk av bompengar til drift av kollektiv, innføring av rushtidsavgift samt å reservere 2 felt av 4-feltsvegar til sambruksfelt eller kollektivfelt som lite ønskjeleg. Vi vil kome tilbake til dette i endeleg behandling av kollektivstrategien."

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Punkt 2, endring:

..., med høyringsfrist 11. april 2014."

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 med Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 11. april 2014.
3. Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtale grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen, herunder infrastrukturanlegg i anbodsområda.

Protokollmerknad frå H og Frp

Frp og H vurderer bruk av bompengar til drift av kollektiv, innføring av rushtidsavgift samt å reservere 2 felt av 4-feltsvegar til sambruksfelt eller kollektivfelt som lite ønskjeleg. Vi vil kome tilbake til dette i endeleg behandling av kollektivstrategien.